

# **FELLESSTYRET FOR ULLENSVANG STATSALLMENNING**



## **ÅRSMELDING 2019**

## *Innhald*

Ullensvang statsallmenning.....	3
Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 2016-2019 .....	3
Hardangervidda fjelloppsyn .....	3
Aktivitet i 2019.....	4
Båtar .....	6
Hytteutleige .....	7
Villreinjakt.....	7
Småviltjakt .....	7
Fiske .....	8
Økonomi .....	8

## Ullensvang statsallmenning

Ullensvang statsallmenning ligg i Ullensvang herad og Odda kommune, og er på 819 km<sup>2</sup>. Delen av statsallmenningen som ligg i Ullensvang herad utgjer om lag 511 km<sup>2</sup>, og delen i Odda kommune om lag 308 km<sup>2</sup>.

## Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning 2016-2019

<b>Medlem:</b>	<b>Vara:</b>
Steinar Langesæter (leiar)**	Jørund Kvestad
Eivind Tokheim (nestleiar)*	Bjørn Buer
John Helge Rasmussen	Jarle Vangen
Ørjan Angell	Mariann Nordstoga Berge
Ragnar Ystanes	Jan Asbjørn Utne
Synnøva Sæbø	Kari Herstad
* Leiar i åra 2016 og 2018. ** Leiar i åra 2017 og 2019	

Fellesstyret hadde fire møte i 2019. Det blei handsama 22 saker.

Fellesstyret informerer om vedtak på heimesida [www.hardangervidda-fjellstyra.no](http://www.hardangervidda-fjellstyra.no). Her blir det også informert om jakt, fiske med meir. Inatur blir brukt til sal av jakt og fiske.

## Hardangervidda fjelloppsyn

Hardangervidda fjelloppsyn (HF) er driftsapparatet til Fjellstyra på Hardangervidda. Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning leiger sekretærtjenester frå HF. Sekretærtjenestene har blitt utført av Steinar Lund.

## Aktivitet i 2019

### Revisjon av fiskereglar

Fellesstyret gjorde nokre endringar i fiskereglane i 2019. Dei største endringane er at det er opna for fiske heile året.

Fiskereglar gjeldande frå og med 2019:

#### Generelle fiskereglar

1. Alle som er fylt 16 år må løysa fiskekort.
2. Personar som ikkje har fylt 16 år kan fiska med stong og handsnøre utan å løyse fiskekort.
3. Alt fiske er tillate heile året.
4. Kvar fiskar kan nytta inntil to fiskestenger/to handsnøre om gongen.
5. Fiske med line og ståkrok er forbode.
6. Det er forbode å nytta levande fisk som agn.
7. Det er forbode å flytta fisk frå eit vatn til eit anna.
8. Det er forbode å setja ut fisk utan særskilt løyve frå fjellstyret.
9. Fiske med oter og garn er berre tillate for innanbygdsbuande i Ullensvang (utanom Storås og Lilleås), Odda (utanom Røldal) og bygdene Kvanndal og Lussand, mot løysing av garnfiskekort. Sjå unntak for garnkort for utanbygdsbuande (punkt 18-21).
10. Fiskaren skal ha fiskekort med seg under fisket, og når han oppheld seg på eller ferdast til eller frå fiskeplassane med fiskereiskap. Fiskaren er pliktig til å vise fram fiskekortet når dette vert kravt av fiskeoppsynet, politiet eller nokon frå fjellstyret.
11. Brot på desse fiskereglane er straffbart.

#### Garnfiskereglar

12. Fiske med garn er tillate for innanbygdsbuande i Ullensvang (utanom Storås og Lilleås), Odda (utanom Røldal) og bygdene Kvanndal og Lussand mot løysing av garnfiskekort. Garnfiskekortet gjeld også for fiske med stong, handsnøre og oter i tilsvarende tidsrom.
13. Det er ikkje lovleg å setja garn nærare innfalls- og utfallsos enn 50 meter. Garn må heller ikkje nyttast i elvar, bekkar eller loner (tjørnliknande utvidingar av vassdrag).
14. Garna skal vera tydeleg merkte med eigaren sitt namn og adresse. Merka skal vera lett synlege.
15. Maks tal garn pr. fiskar er 10 stk.
16. I fylgjande vatn er det **ikkje tillate med større maskevidde enn 39 mm (16 omfar):** Litlosvatnet, Kvennsjøen, Øvsta Krokavatnet, Midtra Krokavatnet, Nedsta Krokavatnet, Jakobsbuvatnet, Nedsta Bjørnavatnet, Øvsta Bjørnavatnet, Tuevotni, Kollsvatnet, Vassdalsvatni (ved Vetlekoll), Krokavatnet (i Sledalen), Skadvatn, Ambjørgsvatnet og Grøndalsvotni.
17. I vatn som ikkje er nemnt i punkt 16 er det fri maskevidde.

#### Vekeskort garnfiske for utanbygdsbuande

18. Fjellstyret kan tilby eit avgrensa tal vekeskort for garnfiske for utanbygdsbuande som kan nyttast i fylgjande vatn: Nedsta Krokavatnet, Midtra Krokavatnet, Øvsta Krokavatnet,

Jakobsbuvatnet, Nedsta Bjørnavatnet, Øvsta Bjørnavatnet, Sigridskarvatnet, Tuevotni, Kvennsjøen, Litlosvatnet, Kollsvatnet, Skadvatn, Ambjørgsvatnet, Krokavatnet (i Sledalen), Nedsta Vassdalsvatnet og Grøndalsvotni.

19. Garnkortet kan nyttast i heile den perioden det er opna for garnfiske, og elles etter dei fiskereglane som til ei kvar tid er gjeldande (sjå garnfiskereglar for Ullensvang statsallmenning).
20. Garnkortet gjeld også for fiske med stong og handsnøre (i alle vatn og elvar på Ullensvang statsallmenning) og oter (i vatna som er dekkja av fiskekortet) i tilsvarande tidsrom.
21. Kvar enkelt person kan berre kjøpa fiskekort for ei veke per sesong.

### **Smårovviltkort**

Fellesstyret oppretta eit smårovviltkort i 2019. Dette kortet kan nyttast til jakt på artane raudrev, røyskatt, mår, mink, kråke og ravn. Prisen for kortet blei sett til 100 kr for sesongen 2019-2020. Kortet gjeld for perioden 15. juli til 15. april.

### **Ombygging av hytta ved Holmavatnet**

Fellesstyret overtok for nokre år sidan ei steinbu ved Holmavatnet. Hytta blei sett i stand i løpet av vinteren 2019, og var i bruk til utleige sommaren 2019.



### Endra fordeling av overskot av fellesfiskekortet

Fordelingsnøkkelen for overskotet frå fellesfiskekortet mellom dei fire statsallmenningane Røldal, Ullensvang, Eidfjord og Ulvik blei endra frå og med 2019. Den nye fordelinga er basert på innrapportert fangststatistikk (90 % av omsetnad) i kombinasjon med ei lik fordeling av dei siste 10 % mellom fjellstyra. For 2019 er fordelinga som vist i tabellen under. Denne fordelingsnøkkelen blir brukt for åra 2020 og 2021, og skal deretter vurderast på nytt.

	<b>Fordelingsnøkkel mellom fjellstyra for fellesfiskekortet i 2019</b>
Eidfjord statsallmenning	46,9 %
Ullensvang statsallmenning	34,4 %
Røldal statsallmenning	10,4 %
Ulvik statsallmenning	8,3 %

### Båtar

Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning har fire båtar liggjande ved ulike vatn i statsallmenningen: Tuevatna, Valgardsvatnet, Ambjørgsvatnet og Litlosvatnet. Båten ved Litlosvatnet blei bytta ut med ein ny aluminiumsbåt i 2019.





## Hytteutleige

Hytta ved Holmavatnet er eigd av Fellesstyret, og blei leigd ut via Scanatura sommar og haust 2019. Hytta blei leigd ut 27 dagar, for 220 per døgn. Netto omsetnad for hytteutleige var 5.197,-.

## Villreinjakt

Villreinkvota for Hardangervidda i 2019 blei sett til 6035 vaksen bukk (2,5 år eller eldre), med jakttid 10. august til og med 22. september. Fredingssone på Ullensvang statsallmenning gjaldt i perioden 10. august til og med 15. september. Frå og med 16. september og ut jakta var fredingssone oppheva.

Det var samjakt med dei private valda i Ullensvang og Odda for jegerar med kort på Ullensvang statsallmenning frå og med 2. september og ut jakta. Det var også samjakt med Røldal fjellstyre frå og med 9. september og ut jakta.



### Fredingssoner i reinsjakta 2019.

Fellingsløyva for villreinjakt på Ullensvang statsallmenning er delt mellom Odda fjellstyre og Ullensvang fjellstyre. Odda fjellstyre får 1/3 av fellingsløyva, og Ullensvang fjellstyre får 2/3. For meir info om fellingsstatistikk og anna om villreinjakta blir det vist til årsmeldinga for det einskilde fjellstyret.

## Småviltjakt

Etter nokre år med freding av rypa blei det opna for jakt frå og med 2018. Fangstrapporteringa viser at det er felt 135 fjellrype, 136 lirype, 2 raudrev, 7 ravn og 10 røyskatt i 2019. Det er rapportert at det er jakta 201 dagar, med fangst på 117 av desse dagane. Det blei selt 176 jaktkort for småvilt, fordelt på 145 dagskort, 26 vekeskort og 5 sesongkort. Netto omsetnad for småviltjakt i 2019 var 51.412,-.

**Tabell 1. Prisar småviltjakt i 2019.**

	Innanbygds	Utanbygds
Dagskort	100,-	200,-
Vekeskort	500,-	1000,-
Sesongkort	1000,-	2000,-

## Fiske

Det er selt 396 fiskekort for Ullensvang statsallmenning i 2019. Av desse er 138 fiskekort for innanbygdsbuande (garnkort). Tilsvarande tal for 2018 var 376 selde kort (145 fiskekort for innanbygdsbuande).

Det er selt 391 fellesfiskekort, fordelt på 334 vekeskort og 57 sesongkort. Netto omsetnad er 196.000,-. Ullensvang sin del av fellesfiskekortet utgjorde 67.327,-

Netto omsetnad for stongfiskekort var 125.637,- og for garnfiskekort 42.900,-

### Garnkort utanbygds

Det er selt 18 vekeskort for garnfiske for utanbygdsbuande. Kortet blir selt via Inatur, der det ligg ei kvote på 20 kort. Netto omsetnad for dette var 8.662,50,-. Overskotet blir delt likt mellom Odda fjellstyre og Ullensvang fjellstyre.

### Prisar på fiskekort i 2019

Stongfiskekort:

Dagskort: 100,-

2-døgnskort: 175,-

3-døgnskort: 250,-

Vekeskort: 350,-

Sesongkort: 700,-

Garnfiske (innanbygds):

Vekeskort: 250,-

Sesongkort: 400,-

Garnfiske (utanbygds):

Vekeskort: 550,-

## Økonomi

Rekneskapen for 2019 viser ein omsetnad på 258.147,-. Utgiftene var på 250.210,-.